
Fra: Solveig Jordal <solveigjordal@muho.no>
Sendt: 19. oktober 2015 14:11
Til: Kari Torkildsen Utkilen; Eileen Marie Feste; Bente Kopperdal Hervik; Eirik Utne
Emne: Til kommunane

Til kulturleiarane i Austrheim, Meland, Lindås, Radøy.

Orientering om praksis for rådgjeving ved Kulturverntenesta i Nordhordland

Museumssenteret i Hordaland har sidan 2006 hatt bygningsvernkonsulent som har gitt råd og rettleiing til kommunal forvaltning og private huseigarar i bygningsvernspørsmål og frå 2007 rådgjevande konsulent innan museumsspørsmål for kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy.

Bygningsverntenesta vart oppretta av Hordaland fylkeskommune, i samarbeide med Museumssenteret, men ikkje fullfinansiert gjennom tilskot. Då Museumssenteret i Hordland i 2011 henvende seg til kommunane om å delta i ei finansieringsløyising var det kun kommunane Fedje, Masfjorden og Modalen som var positive til dette.

Praksis har vore frie tenster til dei kommunane som betalar og til private i dei kommunane som ikkje betalar til ordninga. Tenesta har vore opne for å ta oppdrag frå kommunal forvaltning mot betaling.

Vi har våren 2015 hatt ein ny gjennomgang av drifta av Kulturverntenesta og m.a. drøfta prinsippet for gratis rettleiing. Museet er heilt avhengig av eksterne prosjektmidlar for å halde tenesta i drift. og vi ser ikkje lenger at vi kan halde fram med å gjera synfaringar og større rettleiingsoppdrag utan kompensasjon i kommunar som ikkje betalar noko til ordninga.

Praksis i kommunane Austrheim, Lindås, Meland og Radøy vil difor verta fylgjande:

For private huseigarar vil vi gje gratis råd og rettleiing inntil 4 timar for kvart prosjekt. Reisekostnadar til synfaringar o.l. må dekkast av huseigar/prosjektansvarleg.

Bygningsverntenesta kan ta oppdrag frå kommunal forvaltning mot betaling.

Museumskonsulent gir gratis råd og rettleiing til forvaltning og private.

Vi vil oppmode om at kommunane drøftar behovet for tilgangen til bygningsvernkompetanse, og eit evt utvida samarbeide med Museumssenteret i Hordaland, i samband med

kulturminneplanane som er under arbeide, og at de tek kontakt med oss for vidare dialog om samarbeidet.

Helsing

Atle Ove Martinussen

Direktør

Museumsenteret i Hordaland

Salhusveien 201,

5107 Salhus

004755251801/004790368990

www.muho.no